



I fjor kom det 70 på den tradisjonelle Vonheimbasaren og det vart sett ny rekord med over 14 000 kroner. Loddsalet foran årets basar neste sundag er forlengst igang og spørsmålet er: Kan det verta ny rekord i år?

I alle fall bør gevinstlista vera fristande, for der finn ein alt frå jentebunad til spekepølse...Bunaden som passar for ein som er mellom 4 og 6 år er verkeleg flott og Grete Fredriksen på Halsnøy har vore meister for den

Andre gevinstar er for å nemna i fleng vaffeljern, digitalt kamera, sengesett og thermal leak detector, hvis du veit kva det siste er..

I alle fall har denne basaren svært mykje å bety for det trivelege forsamlingshuset som har ei så spesiell historie.

Basaren startar klokka 16 sundag 3. november.

Biletet er fugleperspektiv på basaren i fjor.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen